

Notat - Kommuneplanen sin arealdel – avklaringar av motsegn i KIRU 30. september 2019

Datert 10. oktober 2019

Viser til vedtak i KIRU 30. september 2019 og møte med administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, representert ved planseksjonen og fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga, 2. oktober 2019.

Vedlagt følgjer Lindås kommune, ved administrasjonen, sitt framlegg til endringar i plandokumenta. Lindås kommune meiner at endringane gjev grunnlag for at Hordaland fylkeskommune kan trekkje motsegn vedteke av KIRU 30. september 2019.

Motsegnspunkt i vedtaket med forslag til endringar

Vedtaks punkt 6

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner bustadområdet B8 Leknes er i strid med regionale retningslinjer i Regional areal- og transportplan der omsynet til regional grønstruktur skal bli sterkt vektlagt utanfor den regionale vekstsona. Det er knytt motsegn til dette bustadområdet dersom dei ikkje vert tatt ut av kommuneplanen.

Endring i planframlegget som svarar ut vedtaks punkt 6:

B8 Leknes vert tatt ut av planen, jamfør dialogmøte hos Fylkesmannen 25. september 2019 og påfølgjande vedtak i plan- og miljøutvalet i Lindås same dag.

Vedtaks punkt 13.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Lindås kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som i stor grad bidreg til å sikre langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø. Planen er likevel i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og det er knytt motsegn til følgjande punkt i planframlegget:

Vedtaks punkt 13 a)

Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i føresegner. Motsegn fell bort om føresegna blir meir spesifikke.

Vedtaks punkt 13 b)

Riksantikvarens sitt forslag til føresegner for Lindås-, Myking- og Seim mellomalderkyrkjestadar må innarbeidast i planføresegna. Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav

Endring i planframlegget som svarar ut vedtaks punkt 13 a og 13 b:

Nytt føresegn 4.2.1 som tek til følgje vedtaks punkt 13 a og 13 b:

4.2.1 Bandlegging etter lov om:

- *Naturvern (H720)*
- *Kulturminner (H730)*

Auomatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan

skje. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.

Dei mellomalderske kyrkjegardane Lindås, Myking og Seim er automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.


Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Vedtaks punkt 13 c)

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til B1 – Bustad – Lindås, grunna konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Motsegn fell bort dersom området vert justert slik at Den Trondhjemske postvei ivaretas.

Endring i planframlegget som svarar ut vedtaks punkt 13 c:

Motsegn frå Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune. Figur 1 viser gamal og ny avgrensing. Ny avgrensing tar omsyn til den Trondhjemske postvei og grøntarealet (bevaring av kollen). Likelydande forslag til endring vert sendt til Fylkesmannen.



Figur 1 Gamal og ny avgrensing av B 1 Bustad

Ny avgrensing var drøfta med fylkeskommunen i møte med administrasjonen 2. oktober. Ny avgrensing gjev eit areal på 8,1 daa (opprinneleg 13,5 daa). I møte vart det spelt inn ønskje om at kommunen bør vurdere ein ytterlegare reduksjon, ved å ta vekk «spissen» ned mot den Trondhjemske postvei. Lindås kommune ønskjer å behalde denne avgrensninga, og avvente vidare detaljering av bruken av arealet til reguleringsplanprosessen. Omsynet til den Trondhjemske postvei og grøntareal, både kopling til omliggande grøntareal, samt omsyn til kollen, vil vere tema i reguleringsplanarbeidet.

Nytt føresegn 2.2.3 Område med krav om detaljregulering. Ny tekst i tabell under B 1 Lindås:

«Bustad. Det må gjennomførast ein sårbarheits analyse før vidare planlegging kan verte tilrådd. Hekkeområde for vipe skal kartleggast og naudsynte tiltak må sikre vipa (sjå dokument: Notat_Vipe på Lindås_070519). Det skal etter RPB Barn og unge finnast erstatningsareal for nedbygging av areal som nyttast av barn og unge. Det må sikrast tilstrekkeleg avstand til vassdrag gjennom området som sikring av flaumveg. Mest mogleg av kollen skal bevarast som viktig landskapselement. Trasé for Den trondhjemske postvei (automatisk freda kulturminne) som går på utsida av planområdet skal takast omsyn til. Det skal utarbeidast ein støyanalyse».

Vedtaks punkt 13 d)

To område definert som LNF – spreidd i § 3.4.7 inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for eigedomane med automatisk freda kulturminne

Vedtaks punkt 13 e)

Fleire område definert som LNF – spreidd i § 3.4.7 inneheld den Trondhjemske postvei, kulturminne av nasjonal interesse. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for eigedomane med registrerte kulturminne av nasjonal interesse

Endring i planframlegget som svarar ut vedtaks punkt 13 d og e:

Aktuelle endringar vart drøfta i møte med administrasjonen i Hordaland fylkeskommune 2. oktober 2019. For å sikre at grunnlag for motsegn fell bort, har ein lagt inn fleire endringar i føresegn 3.4.7 Eigedom med status som LNF-spreidd. Det er knytt søknadsplikt til alle tiltak det vert opna for og søknad skal sendast til kulturminnemynde for uttale.

Nytt føresegn 3.4.7 Eigedom med status som LNF-spreidd (pbl. §§ 11-7 nr. 5 og 11-11)

I tillegg til områda for LNF-spreidd som er vist på plankartet, har dei eksisterande bygde eigedommane med bustad og fritidsbustad som lista opp i vedlegg A og vedlegg B status som LNF-spreidd bustad og fritidsbustad.

I desse områda kan følgjande tiltak tillast etter søknad i samsvar med eksisterande lovleg bruk som ikkje førar til nye bueiningar.

- *Tiltak etter pbl § 20-1 bokstav b, c, e, f, h, i, j*
- *Tilbygg og påbygg med samla bruksareal (BRA) inntil 50 m²*
- *Tiltak som inngår i pbl §§ 20-4 a, b, c, e og 20-5*

Det kan gjevast løyve til tiltak som ikkje har negativ verknad for dyrka mark, samanhengande innmarksbeite eller samanhengande skogsområde av super bonitet. Tiltaket må ikkje føre til vesentleg aukefor omgjevnadane i form av trafikk, støy og forureining, andre vesentlege negative verknader for bygde og naturgitte omgjevnader, allmenn ferdsel, freda kultuminne eller kulturminne av nasjonal interesse, verdifull vegetasjon eller vesentleg negativ verknad for nasjonale og regionale interesser.

Opplista eigedommar som ligg innanfor 100 meters beltet langs sjø er omfatta av byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Oppføring av tiltak vil krevje dispensasjon frå byggeforbodet.

Søknad om tiltak skal sendast til kulturminnemynde for uttale for vurdering av kulturminneinteresser jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9

Ved handsaming av søknad kan det til dømes bli sett vilkår om at eigedomen skal ha tilkomst, parkering, uteopphaldsareal, vatn og avlaup i samsvar med gjeldande krav.

Vedtaks punkt 13 f)

Område definert som LNF - spreidd i § 3.4.7 med unntak av dei nemnd i punkt d) og e) må reduserast. Dei aktuelle områda er lista opp i saksutgreiinga. Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt føremål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus/hytte med opparbeida hage. Eventuelt må arealføremål LNF vidareførast

Endring i planframlegget som svarar ut vedtakspunkt 13 f:

Administrasjonen har gjennomført ei kvalitetssikring av opplistinga i vedlegg A og B. Basert på gjennomgangen er det avukka nokre feil, og nokre gards- og bruksnummer er tatt ut av opplistinga (om lag 30 gbnr.). I den politiske saka til fylkesrådmannen var det lista opp 13 gbnr. under omtalen av vedtakspunkt 13 f. Etter kvalitetssikringa er gjennomført, er det berre 3 av desse (gbnr. 39/7, 56/87 og 59/6) som framleis er ein del av opplistinga.

Endringane i føresegn 3.4.7, som er omtalt under punkt 13 d og e, skal sikre at grunnlag for motsegn fell bort på dette punktet.